



Arne Høyland er frå Eikangervåg og kulturminnegranskar. Men her er han i rolla som trubadur

Under museumsdagen på Rød 25. august vil Arne Høyland halda foredrag om gamle, heimlaga

treski som vart brukt på Vestlandet på 1800-talet og før det. Høyland skriv slik til oss:



Stalheim hotel har mange gamle ski (Foto: Arne Høyland)

På Vestlandet varierer vegetasjon, topografi og klima mykje frå ytre havstrok til indre fjellstrok og karakteren av landskapet har såleis vore avgjerande for korleis folk har ferdast og transportert varene sine i naturen. Skia vart spesielt viktige for dei som hadde gjeremål og ærend i dei kalde og snøtunge vinter-landskapa.

Det var ikkje berre på landjorda skia vart brukte, frosne fjordar, vågar og vikar langs kysten og i vassdraga var og nytta til ferdsel og transport når forholda låg til rettes for det. Der båten vart nytta i sumarhalvåret kunne skia og sleden nyttast når isen la seg om vinteren. Det har vore lite forskning og formidling om dei gamle skibrukstradisjonane på Vestlandet. Difor vil eg prøva å gje ut ei bok om

dei gamle skibrukstradisjonane på Vestlandet og har gjennom fleire år registrert gamle ski frå Vestlandet, d.v.s. ski frå Rogaland i Sør til Møre og Romsdal i nord.

Førebels har eg ikkje registrert så mange ski av den gamle typen frå Sunnhordland, og difor kunne det vore nyttig om eg fekk registrera litt fleire ski av den gamle typen frå denne delen av fylket vårt.

I foredraget mitt på Rødtunet vil eg snakka litt om dei ulike skitypane eg har registret på Vestlandet og dersom nokon tek med seg gamle ski så kan eg sjå på dei , kommentera dei og eventuelt registrera dei.

Eg tek med meg ein perm med bilete av gamle ski som folk kan sjå på og eg vil prøva å låna med meg nokre gamle ski frå Hordaland.